

ÅRSMELDING FOR HERØY SOKN 2020

Sitat frå «Lov om den norske kirke» (Kirkeloven)

Frå §9 Menighetsrådets oppgaver (første avsnitt):

«Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, dømte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.»



Tilsette som har arbeidsstad i Herøy kyrkje:

Kantor Dag Johan Flattun (100%)

Organist Atle Hovden Havåg (40%)

Kyrkjeverje Marit Sævik Leinebø (100%)

Klokkar Ingrid Warholm (12%)

Kyrkjelydspedagog Karl Anders Brendmo (100%)

Kyrkjelydspedagog Karoline Husøy Kopperstad (100%)

Kyrkjelydspedagog Siril Elisabeth Thorsen (deltidsstilling konf.året 2019/2020)

Diakon Ragnhild Danbolt Øygard – tilsett frå august 2020 (70%)

Sekretær Bjørg Kvalsund (80%)

Kyrkjetenar Yacob Teklemarian (85% Herøy kyrkje)

Kyrkjetenar/klokkar Oddgeir Valen (60% Indre Herøy og Leikanger kyrkje)

Sokneprest Bjørn Leinebø

Engasjement:

I tillegg har vi fleire frivillige som stiller opp og gjer ein innsats for at alle aktivitetane vi har i kyrkja kan gjennomførast på ein god måte. Det er vi svært takknemlege for.

Medlemmar av sokneråd frå 15. okt. 2019:

Sissel Remøyholm - Leiar

Ellen Sundnes Kvalsund - Nestleiar

Hilde Karin Torgersen - Sekretær

Gerd Kopperstad

Beate Carita Myklebust

Melissa Nerland Paulsen

Hallgeir Frøystadvåg

Therese F. Igesund

Oddhild Brandal

Ivar Sulebakk

Svein Gjelseth - 1. vara Fast innkalla til soknerådsmøta

Olaus Jon Kopperstad - 2. vara

Liv T. Sundnes - vara

Roar Eide - vara

Medlemmer i Herøy Kyrkjelege Fellesråd:

Hallgeir Frøystadvåg

Therese F. Igesund

Andre nemnder og utval:

Kveldsmessenemnda: Ole Arild Bø (leiar), Jens Terje Johnsen, Gerd Kopperstad (frå soknerådet), Gunnar Sævik, Jørgen Kopperstad, Alette Teige (Sokneprest og kontor får også innkalling til møta i kveldsmessenemnda)

Gudstenesteutvalet: Karete Kleven Johannessen (leiar), Dag Johan Flattun, Bjørn Leinebø, Johanne Leinebø, Tone Hjelmeseth Nerland, Sissel Kvalsund Remøyholm (frå soknerådet)

Diakoniutvalet: Gerd Kopperstad (frå soknerådet), Beate Carita Myklebust (frå soknerådet), Synnøve Sørheller, Inger Vikene (er med på Herøy Sjukeheim), Astrid Ullahammer

Trusopplæringsutvalet: Felles for heile soknet med Kristin Monsen og representantar frå Indre Herøy og Leikanger.

Utsmykkingsnemnda: Svein Olav Hatlen (kallar inn til møta), Jorunn Johnsen, Ivar Sulebakk (frå soknerådet), Alette Teige

Fredagstreffet: Melissa Nerland Paulsen ansvarleg fram til ho gjekk ut i permisjon, då tok Cecilie Leinebø Thomas over. Lite aktivitet siste åra.

Arbeidsutval : - offer-/kyrkjevertlistar, anna frivilligheit: Ellen Sundnes Kvalsund (frå soknerådet) i samarbeid med Bjørg Kvalsund på kyrkjekontoret.

Ungdomsarbeidarutval: (opprett aug-19) Karoline Husøy Kopperstad, Hanne og Sindre Rolvsrud, Kathrine Johannessen, Tone og Øystein Nerland, Marit og Arnstein Leinebø.

Ansvar for kyrkjekaffi: Alette Teige og Oddhild Brandal (frå soknerådet)

Statistikk for Herøy sokn:

Innmelde / utmelde:

2020: 3/9 2019: 1/ 12 2018: 4/14 2017: 1/17

Døypete / konfirmerte:

2020: 46/56 2019: 56/54 2018: 49/55 2017: 52/58

Vigsler:

2020: 3 2019: 6 2018: 12 2017: 7

Totalt tal gudstenenester:

2020: 56 2019: 68 2018: 70 2017: 64

Totalt tal deltakarar på desse gudstenestene:

2020: 5140 2019: 10730 2018: 10981 2017: 10298

Snitt av deltakarar totalt:

2020: 92 2019: 158 2018: 157 2017: 161

Gudstenester på søn- og helgedagar:

2020: 55 2019: 55 2018: 55 2017: 53

Totalt tal deltakarar på desse gudstenestene:

2020: 5113 2019: 9788 2018: 9471 2017: 8778

Snitt av besøkande på søn- og helligdagar:

2020: 93 2019: 178 2018: 172 2017: 166

Andre gudstenester (sjukeheim, ungdomsgudst., skulegudst.):

2020: 1 2019: 13 2018: 15 2017: 11

Tal deltakarar her:

2020: 27 2019: 942 2018: 1500 2017: 1520

Gjennomsnittleg gudstenestedeltakarar andre dagar:

2020: 27 2019: 72 2018: 100 2017: 138

Faste aktivitetar i kyrkjelyden:

- Gudstenester/kveldsmesser
- Kyrkjeforeiningar
- Herøy kyrkjekor
- Sokneråd
- Søndagsskule
- Open barnehage + sangstund (annakvar gong babysong)
- Supertorsdag,- frå hausten 2019
- Tweens 11 – 13
- Ungdomsarbeid (Fredagstreff, Konfirmantarbeid/Konfirmantleir,)
- KRIK - step, damer
- KRIK - familie
- KRIK – i hallen
- KRIK - villmark
- Kyrkjegruppe v/Alette
- Diakoniutvalet (songandakter ved Herøy omsorgssenter, blomsterhelsing til jul)
- Andakter ved Herøy omsorgssenter ved sokneprest og organist
- Internasjonal bønnegruppe
- Bønnesamling, undrekveld og bibellesing på torsdagskveldar , «Kom inn»
- Klede til glede ved Lisa Leinebø Pinheiro, Malene Wolden og Anita Reite Onen m. fleire
- Livsglede for eldre (Eldrefest) ved Herøy Vidaregåande Skule.
- Aktive menn

I tillegg leiger "Sterk og stødig" gymsalen kvar torsdag formiddag til trim/styrketrening for aldersgruppa 70+

Årsmøtet for 2020 vart pga korona ikkje halde før 10.juni i Herøy kyrkje . Årsmelding og rekneskap vart lagt fram, og vi orienterte om arbeidet i kyrkjelyden. Det var andakt ved Bjørn Leinebø og musikkinnslag ved Karoline på tverrfløyte og Dag Johan ved pianoet .

Arbeidet i soknerådet i 2020:

Det vart eit spesielt år ved at mykje i samfunnet stoppa opp etter 12.mars. Det vart likevel 7 soknerådesmøte gjennom året, og det vart handsama 37 saker.

Mange av sakene handla om utleige av kyrkja, bl.a. til konsertar og song/kulturkveldar, sjølv om mange av desse ikkje kunne avviklast.

Vidare handsama vi kyrkjevert- og offerlister og godkjende gudstenesteplanar. Vi hadde budsjettvedtak og budsjettkontroll undervegs, der vi fekk orientering om rekneskapen.

Andre saker: smittevern, diakonvigsling, om lokal ordning ved vigsling, gjennomføring av konfirmasjon, verneplan for gravminner, gåve til brudepar, innkjøp av møblar til kyrkjestova, innkjøp av puter til kyrkjestolane mm

Det vart få aktivitetar vi kunne delta på dette året, men Stille natt gjekk som planlagt med to konsertar a 50 stk, med strengt smittevern.

Fosnavåg 10.03 2020

For Herøy sokneråd

Sissel Kvalsund Remøyholm